


# Tilskot til fartøyvern i Hordaland 2015



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE







## **01. M/S Midthordland**

**Kommune:**

**Eigar:**

Det Midthordlandske  
Dampskibsselskab As, Holtbrekka 7  
5201 OS

**Kallesignal:**

JXNN

**Kostnad:**

700.000

**Søknadssum:**

150.000

**Tilråding:**

100.000

**Tilskot 2010-2014:**

50.000

### **Kulturminne**

M/S Midthordland har nasjonal status som verneverdig fartøy.

Ho vart bygd i 1947 på Stord Verft og gjekk i rute mellom Bergen og bygdene kring Bjørne- og Samnangerfjorden.

I 1962 vart Midthordland overteke av HSD og fikk den nye eigaren sine fargar på skrog og skorstein. Ruta vart nedlagt i 1970, fartøyet vart seld og gjekk mellom anna i chartertrafikk på Oslofjorden. I 1994 vart ho kjøpt heim av entusiastar som skipa ei stifting. Fartøyet fekk vernestatus av Riksantikvaren i 1995.

### **Tiltak**

Søker midlar til skifte av fordekk. Dette var meininga å gjere for fleire år sida, men grunna anna presserande arbeid på skroget, vart tiltaket utsett. Det er no gjort ei stor jobb med stålet i lasterommet, og det er viktig at ein får stoppa lekkasjen i lasterommet. Det er henta inn anbod frå fartøyvernsenteret i Norheimsund og Skibsbyggeren i Sagvåg på arbeidet.

### **Tilråding**

Det vart løyvd midlar til dette tiltaket frå Riksantikvaren allereie i 2009, men desse vart omdisponert til skrogarbeidet. Fordekket er no så nedslitt, at det er umogleg å få tett med vanleg vedlikehald. I år løyver Riksantikvaren midlar til skroget på Midthordland.

Viktig tiltak.

Tilrår 100.000



## **02. MS Bjørn West**

**Kommune:** Kvinnherad  
**Eigar:** Opsangervågen veteranbåtlag,  
Sundsvegen 10, 5450 Sunde

**Kallesignal:** LLSB  
**Kostnad:** 1.112.500  
**Søknadssum:** 300.000  
**Tilråding:** 60.000  
**Tilskot 2010-2014:** 140.000

### **Kulturminne**

M/F Bjørn West var fram til 1945 mineleggjaren TYR. KNM Tyr vart bygd på Marinens hovudverft i Horten i 1887.

Fartøyet var mobilisert i alle dei tre krisesituasjonane for landet vårt i nyare tid, - ved unionsoppløysinga i 1905, under 1. verdskrig og i april dagane 1940. Etter krigen vart fartøyet seld til private og ombygd til tungløfteskip. I 1949 vart Tyr på nytt ombygd til bilferje og fekk namnet M/F Bjørn West, oppkalla etter Milorgbasen i Matrefjellet i Nordhordland.

### **Tiltak**

Tilskotet skal nyttast til å føre vidare utbetringa av fartyet som vart påbyrja i 2012. Fartyet skal på slipp for botnbehandling. Vidare trengst det gjerast stålarbeid, elektrikararbeid og generelt vedlikehaldsarbeid. Til målingsarbeid vil ein nytta same typar måling og primer som tidlegare år. Sveising, eventuelt klinking, i samband med skifting av stål vil bli i samsvar med tidlegare nytta metodar. Elektriske komponentar som måtte bli overhalte eller skifta, vil vera like eller så like som mogeleg som dei komponentane som blir skifta ut.

### **Tilråding**

M/F Bjørn West er, grunna si historie som marinefartøy og seinare ferje, eit særskild fartøy både i lokal, regional og nasjonal samanheng. Har fått tildelt status som verneverdig fartøy. Viktig at tiltaka som er starta opp, vert slutført. Tiltaket

Tilrår 60.000



### **3. S/J Mathilde**

<b>Kommune:</b>	Kvam
<b>Eigar:</b>	Hardanger og Voss Museum 5778 Utne
<b>Kallesignal:</b>	LILK
<b>Kostnad:</b>	885.000
<b>Søknadssum:</b>	200.000
<b>Tilråding:</b>	100.000
<b>Tilskot 2010-2014:</b>	180.000

#### Kulturminne

S/J Mathilde er ei hardangerjakt som vart bygd i 1884 i Ølve i Kvinnherad. Gjekk i rute til Lofoten der ho kjøpte skrei som vart salta og tørka før fisken vart seld til Bergen. Fartøyet gjekk i fraktefart fram til 1982. Etter at ho vart ferdig restaurert i 1989 har ho segla med skuleklasser vår og haust. Om sommaren seglar ho kysttokt.

Mathilde er truleg landets mest aktivt drivne museumsfartøy. Mannskap tilsett på heilårs basis, høge krav til tryggleik og sertifisering er den beste måten å halde fartøyet i jamt god stand.

#### Tiltak

I 2014 skal den største delen av masta bytast ut grunna roteskader.

Vidare skal vi halde skrog, dekk, dekkshus og rigg vedlike. Alt vedlikehald og istandsetting på Mathilde vert gjennomført med tradisjonelle materialar og midlar.

I den nye delen av masta skal det nyttast furu.

Mathilde er ein av få seglfartøy som konsekvent brukar naturfiber i riggen. Dette kostar meir, men det bidreg til å halde oppe kunnskapen om vedlikehald.

Måling: Linoljemåling

Olje: Linolje og tjøre

Tauverk i hamp og manilla

Seglduk i lin

#### Tilråding

Drift skjer i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Kvam herad m.fl.

Viktig tiltak på ei skute som vart nytta mykje til ymse føremål for museet, HFK og kommunen. Mathilde har ei tredelt drift: Museumstokt, leirskule og Sommartokt.

Mathilde er open og tilgjengeleg for alle og driv aktiv formidling mot folk i alle aldre.

Drift skjer i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Kvam herad m.fl.

Tilrår 100.000



#### **4. MS AXEL**

<b>Kommune:</b>	Fitjar
<b>Eigar:</b>	Odd Harald Turøy, Nordresjøv.10 5419 Fitjar
<b>Kallesignal:</b>	LCMC
<b>Kostnad:</b>	502.500
<b>Søknadssum:</b>	502.500
<b>Tilråding:</b>	50.000
<b>Tilskot 2010-2014:</b>	140.000

#### **Kulturminne**

MS Axel er ein Stålfraktebåt som er bygd i 1878 i Lindholmens Varv i Gøteborg og forlenga på Haugesund mek. i 1953.

Fartøyet gjekk i passasjertrafikk på vestkysten av Sverige, men vart seld til Oslo i 1883. Sidan har fartøyet vore i norsk eige.

Båten byrja sitt liv som passasjerbåt, men i 1897 vart skipet ombygd til bukséringsskip. I 1959 vart fartøyet bygd om til lasteskip. Seinare vart M/S Axel og nytta som fiskebåt. Statens Dykkarskole var dei siste som brukte båten til oppdrag langs norskekysten.

#### **Tiltak**

Tilskotet skal nyttast til å restaurere hekken på fartøyet. Hekken er frå 1878, og stålet må skiftast. Dette partiet er delvis klinka, og Dåfjorden verft er det einaste verftet på Vestlandet som kan klinka stål.

#### **Tilråding**

Eit viktig tiltak, men kostnadene knytt til prosjektet er høge. Det er eit viktig fartøy, og eit av få klinka farty som er att i fylket. Riksantikvaren har vore på synfaring på MS Axel i lag med Hordaland fylkeskommune. Dei finn ikkje midlar til fartøyet i år, men vil prøve å gi ved ei seinare tildeling. Dermed er det lite truleg at tiltaket vert gjennomført i år, men vi finn likevel grunn til å løyve midlar slik at skipet vert sikra inntil vidare.

Tilrår 50.000



## **5. MF Skånevik**

<b>Kommune:</b>	Stord
<b>Eigar:</b>	Ferjelaget «Skånevik» Hamnegata 22, 5411 Stord
<b>Kallesignal:</b>	LLVX
<b>Kostnad:</b>	1.675.000
<b>Søknadssum:</b>	300.000
<b>Tilråding:</b>	50.000
<b>Tilskot 2010-2014:</b>	720.000

### Kulturminne

MF Skånevik er ei bilferje bygd i 1967 for HSD. Etter mykje arbeid overtok eigarane Skånevik i mars 2005. Ho vart seinare freda saman med Skibladner. Desse var dei første fartøya i landet som vart freda etter Kulturminnelova. Ferja er i god teknisk stand, og det meste av det opphavlege interiøret og eksteriøret er intakt. Ferja har to 450 BHK originale Wichmann motorar. Denne kategorien ferjer hadde ei sentral rolle i norsk samferdsle.

### Tiltak

Sertifisering av fartøyet.  
Skifting av bunn i el. skap på akterdekk.  
Skifte deler av styre skinne for side porter.  
Rengjøre og skifte pakninger i 3 stk dekk luker på bildekk.  
Legge opp rør for levering av kloakk til dekk.  
Skifte 5 stk svalkeporter sb. side på bildekk.  
Overhale turbo ladere på begge hvm. motorer.  
Overhale 2 stk oljekjølere og 2 stk. vann kjølere (rengjøring og skifte alle pakninger)  
Høytrykksspyling og maling av forpeek.  
Overhale begge styremaskiner.  
Slipping.  
Skifte zink anoder og bunnsføre fartøyet.

### Vurdering

Hordaland fylkeskommune har vore ein aktiv part i arbeidet med å frede og ta vare på denne ferja. Viktig å sørge for at fartøyet framleis er i god stand. Skånevik vart, i lag med Skibladner, freda i 2006. Desse var dei første fartøya i Norge som vart freda etter kulturminnelova. Fartøyet har hatt store etterslep i økonomien. Skånevik fekk i 2015 kr. 1.150.000 til restaureringstiltaka, og kr. 375.000 til sertifisering, tilsaman kr. 1.525.000 frå Riksantikvaren. Vi finn likevel at det er riktig å gje eit mindre tilskott sidan ferja framleis står att med udekte kostnader.

Tilrår 50.000



## **06. Selma**

**Kommune:** Bergen  
**Eigar:** John Audun Hauge  
Sandviksbod 11  
5035 Bergen

**Kallesignal:** LCCA  
**Kostnad:** 133.172  
**Søknadssum:** 97.172  
**Tilråding:** 40.000  
**Tilskot 2010-2014:** 30.000

### Kulturminne

Selma var opphavleg bygd som seglbåt på Sørlandet i 1917. Først nytta til fiske i Sverige, kom til Noreg i 1937 og vart etappevis ombygd. Motorisert i 1957 med ein 40hk Wichmann semidiesel. Samstundes fekk fartøyet nytt styrehus. Noverande eigar overtok fartøyyet i 2002.

### Tiltak

Utskifting av plank og bordplankar, truleg også rekkjestøttar. Beking og oppspikring. Alltid vanskeleg å stipulere kostnaden til denne type tiltak, mfordi skadane ikkje kjem for dagen før ein byrjar å fjerne bord. All material er i furu, og det skal også nyttast ved utbetringa. Overvatn skal det drivast med bomull og under vatnline med tjæredrev. Boracol brukes innvortes, med det vert drivd med ren tjære mellom spant og hud.

### Vurdering

Fekk vernestatus i 2009. Selma er restaurert til sitt utsjående på 1950-talet. Nokre endringer er gjort på lasteluka, men dei er gjort grunna tilpasning til bruk i dag, og tiltaka kan reverseres. Eit viktig fartøy som vert brukt i formidlingssamanheng. Alt restaureringsarbeid skal gjerast etter antikvariske prinsipp. Viktig tiltak.

Tilrår 40.000





### **07. M/K Sjøgutt ( ex Terje)**

**Kommune:**

**Eigar:**

Terje Midtun,  
Fomannsv. 29  
5037 Bergen

**Kallesignal:**

LM2237

**Kostnad:**

141.487

**Søknadssum:**

70.000

**Tilråding:**

30.000

**Tilskot 2010-2014:**

120.000

#### **Kulturminne**

M/K Sjøgutt er eit kravellbygd kystfiskefartøy/kutter i furu. Fartøyet vart bygd i Mauranger 1921 og ombygd på Ådnanes i Bømlo i 1954.

Opphavleg vart ho nytta til sildefiske, pigghåfiske og følgebåt på brisling og størjefiske. Siste tida i fiskeri som reke-trålar på Møre.

M/K Terje har ein semidiesel, Wichmann/"Rubb" 20hk 1947.

#### **Tiltak**

Fornyng av det elektriske 12 volt anlegget og fornyng/reperasjon av elektriske komponentar.

I samband med fornyng av hovuddekk og istandsetting av styrehus hos HFS blei heile det elektriske anlegget og elektriske komponentar demontert, bortsett frå anlegget lugaren.

Når trearbeidet vert ferdig våren 2015, må 12 voltsanlegget leggjast opp attpå nytt, og elektriske komponentar må monteres.

#### **Vurdering**

Søkjjar gjer merksam på at det i 2013 blei søkt om tilskot til samme delprosjekt, men desse midlane vart omdisponert fordi arbeidet med fornyng av dekk og styrehus blei utsatt, slik at andre naudsynte tiltak kunne gjennomførast. Viktig tiltak. Vi presiserar at dei delar som kan brukast av det originale anlegget må takast vare på, at det vert teke omsyn til dei antikvariske verdiar der dette er mogleg.

Tilrår 30.000



### **MS Vestgar**

**Kommune:** Fjell  
**Eigar:** Øygardsbåtane A/S,  
Geitanger, 5360 Kolltveit

**Kallesignal:** LMEA  
**Kostnad:** 540.000  
**Søknadssum:** 240.000  
**Tilråding:** 40.000  
**Tilskot 2010-2014:** 160.000

#### Kulturminne

M/S Vestgar vart bygd i 1956 og vart innreia som tradisjonell rutebåt og sjøbuss, med både postkontor og kreaturstall.

Den siste rutebåten som gjekk i rute Mellom Bergen, Fjell og Øygarden. Noverande eigarar overtok fartøyet i 2007. Stålskrog med overbygg i aluminium. Fartøyet vart freda av Riksantikvaren i 2014.

#### Tiltak

Båtdekket akterut er i dårleg forfatning. Det trekkjer regnvatn ned akterut i bakre del av taket i salongen på hovuddekket. Innreiingsarbeidet i salongane stoppar opp inntil dekket er tett.

Nokre av røyrene i maskinrommet er midlertidige og må skiftast ut. Dekket er råteskada, og truleg må heile dekket skiftast. Det vart løyvd midlar til dette i 2014, men arbeidet er ikkje starta opp fordi det manglar finansiering.

#### Vurdering

Vestgar vart freda av Riksantikvaren i februar 2014, og er det mest intakte fartøyet som er att av dei såkalla sjøbussane. Det er utarbeidd ein god og omfattande rapport om arbeidet som er gjort, og arbeid som står att å gjere. Dekket skal byggjast oppatt slik det var, treslag er OREGON PINE, med nating osv. Stålbjelkar under dekket må pikkast reine for rust, og eventuelt skiftast ved behov. Riksantikvaren har løyvd kr. 358.000 til Vestgar i år, men dekket manglar framleis midlar. Viktig tiltak.

Tilrår 40.000



### **09. MK Vikingen**

**Kommune:** Kvam  
**Eigar:** Hardanger og Voss Museum  
P.b. 53, 5601 Norheimsund

**Kallesignal:** LEYC  
**Kostnad:** 155.000  
**Søknadssum:** 50.000  
**Tilråding:** 30.000  
**Tilskot 2010-2014:** 40.000

#### Kulturminne

Vikingen er ein fin representant for hardangerkuttarane. Fartøyet vart nytta som fiskebåt på heile kysten frå Rogaland til Finnmark.

1941 gjekk Vikingen til Shetland med seks mann. Etter krigen vart Vikingen brukt til fiske fram til 1978.

No nytta i formidling, ungdomsarbeid i samarbeid med Nordsjøfartsmuseet.

#### Tiltak

Vedlikehald av dekk og rigg. Måling : Linoljemåling

Olje: Linolje og tjøra

Tauverk i hamp

Seglduk i lin

#### Vurdering

Alt vedlikehald og istandsetting på Vikingen vert gjennomført med tradisjonelle materialer og midlar.

Heile riggen er av naturfiber. Dette kostar meir, men opprettheld kompetanse på vedlikehald og produksjon.

Dette året er det naudsynt med ekstra vedlikehald på riggen. Etter fleire års arbeid med istandsetting av maskin reknar museet med at båten skal koma i drift igjen i 2015. Viktig tiltak på fartøy som kjem publikum til gode.

Tilrår 30.000



## **10. MY FAUN**

<b>Kommune:</b>	KVAM
<b>Eigar:</b>	Hardanger og Voss Museum 5778 Utne
<b>Kallesignal:</b>	JXDF
<b>Kostnad:</b>	310.000
<b>Søknadssum:</b>	100.000
<b>Tilråding:</b>	50.000
<b>Tilskot 2010-2014:</b>	70.000

### Kulturminne

Lystbåten Faun vart bygd i Bergen i 1916 for Einar Michelsen, son til Christian Michelsen, som overtok fartøyet etter at sonen døydde. Seinare lystfartøy for andre bergenske reiarar og forretningsmenn. Båten vert i dag nytta som museumsfartøy og til formidling.

### Tiltak

Vedlikehald av måla og lakka overflater. Faun ligg i overbygd flytekaianlegg. Dette sparer mykje vedlikehald. Likevel er det kvart år trong for lakkering, måling, vedlikehald av teknisk utstyr og maskinen. Slippsetjing vert ikkje prioritert i 2015, då det vart gjort i 2014. I tillegg til oppussing av cockpit akter og alle lakkerte flater på overbygg og dekk er det trong for ny "baldakin" (segldukstak over styrecokpit).

### Tilråding

Godt tiltak, men lite midlar, og fartøyet kan i verste tilhøve tåle ei utsetjing av delar av arbeidet. Det er utarbeidd eit spesifisert overslag der kr. 105.000 er kostnader som ikkje gjeld restaurering, men sertifisering m.m. Også dette er tiltak som er tilskottsverdig. Vi innstiller på eit mindre beløp og let museet avgjere kva tiltak som skal prioriterast.

Tilrår 50.000



## **11. MB Quest**

**Kommune:** Bergen  
**Eigar:** Gerhard Eikeland  
Solbrekka 9, 5122 Morvik

**Kallesignal:** JXVR  
**Kostnad:** 500.000  
**Søknadssum:** 280.000  
**Tilråding:** 30.000  
**Tilskot 2010-2014:** 119.000

### Kulturminne

M/B Quest vart bygd for Hansa Bryggerier i 1943 men vart rekvirert av tyskarane og gjekk som vaktfartøy til 1945. Fartøyet var deretter i aktiv bruk. Agentbåt for Hansa Bryggerier under namnet "Hansa II" til det vart seld til Woldemar Jacobsen i 1972. Quest var agentbåt til 1974. Noverande eigar overtok fartøyet i 1976. MB Quest fekk vernestatus av Riksantikvaren i 2013.

### Tiltak

Skifting av Skipstømraren på Sagvåg starta i 2014 arbeidet med å skifte dekket. Under arbeidet synte det seg at tiltaket vart mykje meir omfattande enn ein først hadde trodd. Det er alltid vanskeleg å fastslå kor mykje av planken som må skiftast ut. Ved nærare gjennomgang synte det seg at dekket var så skada at heile treverket måtte skiftast ut. I tillegg til arbeidet på dekket kjem det ein del kostnader til restaurering av lugaren. Dekket er av furu i dimensjon 3x2". Det er lagt med kurva plank med midtfisk og hakaplank. Pristilbodet tek omsyn til dei antikvariske verdiane og arbeidet skal gjerast etter same metode som tidlegare.

### Tilråding

Skipstømraren på Sagvåg utførar arbeidet.

I vedtaket som vart gjort i KURE i fjor stod det at "Administrasjon rår til at eigaren får løyve om å søkje om fleire midlar til tiltaket ved neste utlysning."

Quest har teke del på mykje av det som har vore av festivalar og arrangement i Hordaland, og er ein flott representant for agentbåtane. God søknad og viktig tiltak.

Tilrår 30.000



## **12. DS Oster**

<b>Kommune:</b>	Lindås
<b>Eigar:</b>	Nordhordland Veteranbåtlag. P.b. 26, 5991 Ostereidet
<b>Kallesignal:</b>	LEPF
<b>Kostnad:</b>	587.025
<b>Søknadssum:</b>	150.000
<b>Tilråding:</b>	120.000
<b>Tilskot 2010-2014:</b>	330.000

### Kulturminne

D/S Oster vart bygd på oppdrag frå Indre Nordhordland Dampskibsselskap.

1915 vart skroget forlenga på Mjellem & Karlsen. På midten av 1960 talet vart fartøyet ombygd til dieseldriven frakteskip. For om lag 10 år sidan kjøpte NVHL heim fartøyet (MS Vaka) og starta arbeidet med attendeføring til 1964 utsjånad.

Nordhordland Veteranbåtlag som eig Oster, har i dag om lag 700 medlemmar.

### Tiltak

Utskifting av spant og hud i skuteside sb side forskip.

Demontering av innreiing, fjerning av rust, utbrenning av spant og hudplate, tilpassing og innsetting av nytt spant og hudplate, reingjering, maling og tilbakemontering av innredning.

Reparasjon av spant i maskinrom akter.

Fjerning av rust, demontering av eksisterende spant, montering av nye og maling etter utført stålarbeid.

- Resertifisering av redningsflåtar og kjøp av nye overlevingsdrakter (klar til seglingsseongen 2015).

### Vurdering

Båten blir brukt som eit levande museum og deltek på kulturrangement i Bergensregionen. Målet er å halda D/S OSTER i sertifisert stand, bevaring som kulturbærar og gå turar med inntil 99 passasjerar. D/S OSTER er idag i sommartrafikk i månadane mai - september. I sist opplagsperiode vart det utført omlag 2700 dugnadstimar. Laget har dugande medlemmar som stiller opp, men det må også leigast inn fagfolk som utfører spesielle jobbar.

NHVL har sidan båten vart erklært ferdig restaurert i 2005 klart å byggje opp eit eige fond, "kjelefondet", eit fond med eige styre og vedtekter som forsikring for skade og havari av dampkjelen.

Det er ei omfattande liste med tiltak, som alle er naudsynte, og det er verdt å merke seg at det omsøkte beløpet berre utgjer om lag 25% av dei totale kostnadene ved prosjektet. Viktig tiltak.

Tilrår 120.000



### **13. DS Stord I**

<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Stiftelsen D/S Stord I Postboks 1740, Nordnes 5816 Bergen
<b>Kallesignal:</b>	LEYT
<b>Kostnad:</b>	4.260.00
<b>Søknadssum:</b>	800.000
<b>Tilråding:</b>	775.000
<b>Tilskot 2010-2014:</b>	893.000

#### Kulturminne

D/S Stord 1 vart bygd i 1913 for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap. Dette er ein typisk representant for dei større dampdrivne ruteskipa som gjekk langs kysten og i fjordane frå 1880-talet og til langt ut på 1950-talet. Stord gjekk ut av rutefart i 1969. Laget overtok D/S Stord I i 1981 etter lang tid i opplag som losjibåt i Oslo. Prosjektet D/S Stord I er det største fartøyvernprosjektet for passasjerfartøy i Noreg. I over 30 år har entusiastar på dugnad sett i stand D/S Stord I. «Stord I» er sertifisert for 99 passasjerar. Stord 1 har hatt ei lang periode med utbetringar og innreiing. Det meste av dette arbeidet har vore gjort på Hardanger fartøyvernssenter. Organisasjon har fått utarbeid god dokumentasjon på arbeidet som vart gjort, og leverte kvar måned rapport om arbeidet - framifrå dokumentasjon. I 2014 byrja fartøyet med prøvedrift og skriver at "Så langt har drifta vore forsiktig prøvedrift. Skipets sjødyktighet og tekniske tilstand blei godt testa under "Grunnlovskonvoien 2014" i juli med seilas tur/retur Bergen/Oslo. Alt fungerte svært godt. Drifta føreset dugnadsbasert mannskap med ca 25 oppdrag per sesong med noverande mannskapsbase. Drifta vil måtta ha tilskot for å gå i balanse. I tillegg til opplevelsesturar, firmaturar, firmaprofilering, konferansar, vil ein vurdera bruk av båten til kurs for ungdom. Slike kurs skal i tillegg til å vera kvalifiserande for båtførarbevis gi innsikt i sjømannskap og maritim historie."

#### Tiltak

Gjeld mindre tiltak for å gjera båten ferdig og tiltak som har med å ta godt vare på båten for å minimalisera slitaje og vedlikehald.

Vedlikehald: Vert utført på dugnad, men spesielle tiltak må utførast ved mekanisk verkstad. Det er mål om å minimalisera ytre vedlikehald ved å montera vinterpresenning over heile båten.

Båten må følgja Skipskontrollen sine 2-års og 5-års kontrollar. Det vert lagt til grunn at metodar og materialar skal vera i samsvar med antikvariske krav sett av Riksantikvaren.

Tiltaka det søkjast stønad til er delt i 4 områder:

1. Utrusting og ferdiggjering
2. Vedlikehald
3. Drift
4. Renter og avdrag

#### Tilråding

Stiftinga slit med ein stor gjeld slik det går frem av brevet. Dette er den store utfordringa som Stiftinga står overfor. Difor var det eit hardt slag for laget at dei ikkje vart tilgodesett med midlar frå Riksantikvaren ved tildelinga i 2015. I finansieringsplanen var Riksantikvaren sett opp med kr. 2.300.000. Der i frå til kr. 0 er eit stort sprang.

Stiftinga har søkt Hordaland fylkeskommune om å komme inn under ordninga med organisasjonar som får fast tilskot til drifta. Det er søkt Hordaland fylkeskommune om kr. 800.000, men då denne søknaden vart sendt, rekna ein med at Stord 1 skulle få midlar frå Riksantikvaren. Vi innstiller på å gje laget kr. 775.000, og presierar at midlane skal brukast i samråd med fylkeskonservatoren til 1. Utrusting of ferdiggjering, 2. Vedlikehald og 3. Drift. Samstundes ber vi Riksantikvaren å prioritere Stord 1, dersom det vert tildelt ekstra midlar i 2015.

Tilråding 775.000



#### **14. MS Lete (ex Norkabel)**

**Kommune:** Kvinnherad  
**Eigar:** Halsnøy historiske senter  
Høylandsbygdvegen 435

**Kallesignal:** LMFH  
**Kostnad:** 3.495.000  
**Søknadssum:** 465.000  
**Tilråding:** 110.000  
**Tilskot 2010-2014:** 110.000

#### **Kulturminne**

M/S "Lete" vart levert frå Standard Båtbyggeri i Drammen i 1947 til Telegrafverket som kabelbåten M/S "Nordkabel". M/S "Nordkabel" vart stasjonert i Bodø og opererte i Nordland, Troms og Finnmark.

I 1980 vart skipet seld til Bergen Dykkerklubb og namnet endra til "Lete".

Skipet framstår i all hovudsak som intakt og med originalt maskineri. Noverande eigar overtok skipet i 2010.

#### **Tiltak**

Eigar har lista opp 19 tiltak. Av desse er utvendig reparasjonsarbeid, div. tiltak på propell, propellaksling, ror og rorlager det mest kostnadskrevjande. Dernest er renovering og innreiing av lasterommet og kostnader knytt til el. anlegget kapitalkrevjande tiltak. Reparasjon av dekk og rekker, og innreiing er også kostnadskrevjande.

#### **Tilråding**

Omfattande tiltak skal gjerast på eit fartøy som er av høg verneverdi og som fekk vernestatus i 2011. Truleg det einaste fartøyet av denne typen som har fått vernestatus. Tiltaket vil gje god effekt for ålmenta. Eigar har fått tilsaman kr. 110.000 til fartøyet frå Hordaland fylkeskommune. Eigar fekk ikkje midlar frå Riksantikvaren ved tildelinga i 2015. Tiltaket frå HFK for 2015 skal brukast i samråd med administrasjonen i HFK.

Tilrår 110.000





### **15. MS Granvin**

<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Veteransklipslaget Fjordabåten, P.boks 1740, Nordnes, 5816 Bergen
<b>Kallesignal:</b>	LGDC
<b>Kostnad:</b>	200.000
<b>Søknadssum:</b>	200.000
<b>Tilråding:</b>	20.000
<b>Tilskot 2010-2014:</b>	310.000

#### Kulturminne

Det første fartøyet som vart bevart i Hordaland etter at veteransklipslaga vart oppretta. Fartøyyet vart opphavleg bygd som ein passasjer/ferjebåt. M/S Granvin gjekk i rutefart for Hardanger Sunnhordlandske frå 1931 fram til 1987. M/S Granvin vart freda i sept. 2011 av Riksantikvaren.

#### Tiltak

Det søkjast om midlar til tiltak som allereie er gjennomført. Granvin fekk motorhavari, noko som kunne fått katastrofale følgjer for økonomien i selskapet. Imidlertid løyste heile saken seg ved at Granvin fekk overta ein brukt motor for kr. 1, men det vart ein god del kostnader til innreiing. I tillegg vart det brukt mykje midlar til arbeid.

#### Tilråding

Naudsynte tiltak på eit fartøy som er eit av fire freda fartøy i Hordaland.

Granvin søkjer om midlar til tiltak som allereie er gjennomført. Likevel kan ein opna for å gje midlar til tiltaka, fordi dei har vore gjennomført i samråd med Riksantikvaren og HFK har vore informert om dette. Eit motothavari kjem brått og uventa, og vi set av ei mindre sum til kostnadene forbunda med dette. Granvin har fått kr. 500.000 frå Riksantikvaren ved tildelinga i 2015.

Tilrår 20.000



## **16. MS Vaarsol**

<b>Kommune:</b>	Kvinnherad
<b>Eigar:</b>	Opsangervågen veteransklagslag, Sundsvegen10 1450 Sunde
<b>Kallesignal:</b>	LCVT
<b>Kostnad:</b>	100.000
<b>Søknadssum:</b>	70.000
<b>Tilråding:</b>	15.000
<b>Tilskot 2010-2014:</b>	0

### Kulturminne

Fiskefartøyet M/K Vaarsol vart bygd av Tørres Skaaluren, Rosendal, for brødr. Skavhellen, Fana, i 1920. Vaarsol høyrde heime i Fana til ho vart seld til fam. Pedersen i Kjerkfjorden, Reine i Moskenes kommune i Lofoten på 1940-talet. I 2007 vart ho seld til Vesterålen der ho var "kvotebåt" i eit år til ho vart strukturert i mars 2008. Noverande eigarar overtok fartøyyet på Blokken Verft i august 2008. Ein stor del av tida i Nord-Norge hadde ho namnet Svatind, men fekk tilbake originalnamnet Vaarsol i 2008.

### Tiltak

Utbetring av lekkasje i styrehustaket.

Skifting av delar i autopilot

Ny kartplottar

Ny radar

### Tilråding

Sjølv om dei omsøkte tiltaka er søknadsverdige, er det vanskeleg å innstill på å tildele midlar til alle tiltake, fordi det er så mange av dei verneverdige fartya som har presserande tiltak som må utbetrast. Det er viktig å utbetre skaden i taket på styrehuset og vi instiller på å dekke dette tiltaket.

Tilrår: 15.000



### **17. MY Tysso**

**Kommune:** Odde  
**Eigar:** NVIM, Naustbakken 7  
5770 Tyssedal

**Kallesignal:** LHWX  
**Kostnad:** 271.000  
**Søknadssum:** 125.000  
**Tilråding:** 30.000  
**Tilskot 2010-2014:** 30000

#### **Kulturminne**

M/Y Tysso vart bygd i 1917 av Oma Baatbyggeri på Stord. Ho vart kjøpt av Glomfjord Smelteverk i 1918. Industriverksemdene i Odde/Tyssedal kjøpte båten i 1923, og AS Tyssefaldende var eigar frå 1947-1987. Fartyet er nytta til formidling, utleige og representasjon ved NVIM.

#### **Tiltak**

Tilskotet skal nyttast til lakkering og måling av skrog og overbygg, slippsetting og vedlikehald oljeskift, skift av diesel- og oljefilter. Det skal nyttast linoljemaling og Ravilakk.

#### **Tilråding**

Eit viktig tiltak på eit fartøy som fekk vernestatus av Riksantikvaren i 1997.

Tysso ligg i overbygd kaianlegg ved Hardanger fartøyvernseier, og slitasjen er minimal, men vanleg vedlikehald er naudsynt.

Tilrår 30.000



## **18. MS Vulcanus**

**Kommune:**

**Eigar:**

Vulcanus taubåtkompani,  
Sandviksboder kystkultursenter.  
Sanviksboder 15-17  
5035 Bergen

**Kallesignal:**

JXDR

**Kostnad:**

2.711.000

**Søknadssum:**

300.000

**Tilråding:**

60.000

**Tilskot 2010-2014:**

350.000

### Kulturminne

Slepebåten "Vulcanus" vart levert av Bolsønes verft i Molde som bygg nr. 169 våren 1959. Motoren er ein Alpha type 498V0 på 960 hk v/310 o/m. Vulcanus var søsterskipet til Titan, bygg nr. 168 frå same verft. Sjølv om ho er verna er Vulcanus framleis sertifisert og har teke på seg fleire slepeoppdrag.

### Tiltak

Vulcanus vart slippsett i 2013 for å utbetre korrosjonsskadar på akterskroget og ytterdekk. Arbeidet vart kostnadsrekna til 1,3 mill. I Dåfjorden vart det påvist svake parti i baugen under kjettingkassen. Etter at ein del av arbeid var gjort i Dåfjorden, reiste Vulcanus i nov. 2014 til Solund verft for slutføring av arbeidet.

Skifting av dekk, skrogplank, spant, skott, plater m.m.

Sandblåsing

Utbetring dekk,

Dokking og leige av hall på solund

Utbetring av lekkasje i taket

### Tilråding

Det er eit omfattande arbeid som må gjerast. Taubåtkompaniet har fått 2 mill frå Riksantikvaren til arbeidet i 2013 og 2014. Ved årets tildeling er det løyd kr. 500.000 frå Riksantikvaren. Vi set av eit mindre beløp som skal nyttast til arbeidet med utbetring av dekket.

Tilrår 60.000



### **19. Markol V**

<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Sandviksboder kystkultursenter. Sandviksboder 15-17 5035 Bergen
<b>Kallesignal:</b>	LCBH
<b>Kostnad:</b>	876.250
<b>Søknadssum:</b>	150.000
<b>Tilråding:</b>	40.000
<b>Tilskot 2010-2014:</b>	185.000

#### Kulturminne

Føringsbåten Markol V er truleg den einaste gjenverande føringsbåten som er i seglbar stand. Han vart bygd i 1956 av båtbygger Edvard Løfall, Løfallstrand i Kvinnherad. Frå byrjinga av 19-talet og fram til 1970 var denne type laste- og slepefartøy ein viktig del av infrastrukturen på Bergen hamn. På det meste var det om lag 50-60 føringsbåtar i drift samstundes.

#### Tiltak

Utbetring av dekkbjelker, spant, hud, svineryy, puller, el. anlegg. Innreiing og utbetring av styrehus, av elektrisk anlegg. Driving av dekk

#### Tilråding

Det vart gjort mykje arbeid på Markol V i 2014, både stål/jern arbeid utvortes, samt utbetring av Rkkejer, skorstein, lastebom og vinsj. I 2015 er det i hovudsak trearbeid som skal gjerast. Arbeidet skal gjerast etter antikvariske prinsipp, og også el. utsyr som byttast om vert av same type som originalt, i den grad det er mogleg. Viktig tiltak på fartøy som vert godt teke vare på. Vanskeleg å prioritere mellom dei ulike tiltaka, men denne prioriteringa skal gjerast i samråd med fylkeskonservatoren.

Tilrår 40.000



## **20. MS Bjørn**

<b>Kommune:</b>	Bergen
<b>Eigar:</b>	Sandviksboder kystkultursenter. Sandviksboder 15-17 5035 Bergen
<b>Kallesignal:</b>	LCCA
<b>Kostnad:</b>	150.000
<b>Søknadssum:</b>	50.000
<b>Tilråding:</b>	50.000
<b>Tilskot 2010-2014:</b>	50.000

### **Kulturminne**

M/S Bjørn vart bygd i 1867 for Bergen Dampbaadelag som slepe- og passasjerbåt og ombygd til brannbåt i 1873. Fartøyet har originalt skrog, og har ei godt dokumentert historie som brannbåt for Bergen brannvesen i 83 år. Den har klinka jernskrog. Fartøyvet fekk vernestatus i 2013 og vert no brukt som tankbåt for kystkultursenteret i Sandviken. Målet er å restaurere den tilbake til brannbåt.

### **Tiltak**

For å sikre båten vidare, må tankene rengjøres og overflatebehandles innvendig. Det må også legges i en form for ballast. Overbygget på båten må også rengjøres og grunnes/males for å hindre forfall. I 2015 bør den også slippsettes for nytt bunnstoff og ny sink.

### **Tilråding**

Eit viktig tiltak, men knapt med midlar. Eigar har sett opp Riksantikvaren med kr. 50.000 i finansieringsplanen, men RA fant ikkje midlar til fartøyet ved tildelinga i 2015. Viktig å tildele midlar til eit fartøy som det berre finst eit eksemplar av i verneflåten i Hordaland.

Tilråding 50.000





**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5  
Postboks 7900  
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00  
**[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)**